

Nytt frå Fagområde for allmenntmedisin, UiB

Vestlandslegen startar i Stavanger!

Den nye studieplanen i medisin ved UiB, Vestlandslegen, bygger på ein moderne og desentral studiemodell, der dei tre første åra er i Bergen, og dei tre siste i Bergen, Stavanger, Haugesund eller Førde. Den desentrale praksismodellen som UiB har hatt i over 20 år med utplassering av studentar i praksis i visse fag ved dei samarbeidande sjukehusa desse stadane, skal no utvidast og utviklast til fullverdige studiemodellar der nokre av studentane skal ha fullverdig utdanning og avslutte studiet med eksamen utanfor Bergen.

Framleis er Bergen og Haukeland universitetssjukehus hovudbasen for dei fleste studentane, men i august 2023 startar ei lita gruppe studentar for første gong i fjerde studieår ved Stavanger universitetssjukehus. For Førde og Haugesund er det framleis noko inn i framtida, og det trengs også tildeling av fleire studieplassar.

Også for praktisk og teoretisk undervisning i allmenntmedisin representerer Vestlandslegen mange spennende utfordringar. Dei første tilsette i vårt fag er på plass, sjølv om hovudundervisninga og utplassering i praksis ikkje skjer før om meir enn 2 år, i sjette studieår. Men mykje skal planleggast innan den tid, og det er også lagt opp til både innføring i allmenntmedisin og mindre drypp av allmenntmedisinsk klinikk allereie dette første året.

Fastlegane i Rogaland har vore flinke til å ta i mot studentar frå Bergen i praksis i mange år. Etter kvart som fleire av studentane blir busett og får klinikken i Stavanger, blir det logisk at desse studentane også kan få praksis i nærområdet, og dermed sleppe å reise bort frå studiestaden. Dette kan også gje nye samarbeidsformer i undervisninga.

Steinar Hunskaar
steinar.hunskar@uib.no

Praksisveilederkurs i september 2023

Etter 2 år med pandemi inviterer UiB igjen til et spennende kurs for praksisveiledere. Det tradisjonelle Vinterkurset flyttes til 17.-19. september 2023, og til det fagre stedet Stalheim nær Voss. Tema for kurset denne gang er «Læring gjennom klinisk praksis».

Emnekurset inneholder øvelser, kombinert med enestående tilgang til kunnskap og teori fra noen av de fremste internasjonale kapasitetene innen medisinsk pedagogikk. Dette fordi emnekurset foregår sammen med konferansen «First Nordic Conference on Medical Workplace Learning», som arrangeres av Fagområde for allmenntmedisin ved UiB. Påmelding via våre nettsider.

To priser til professor Lars Thore Fadnes

Professor i allmenntmedisin Lars Thore Fadnes har våren 2023 vunnet to prestisjetunge priser innen forskningsformidling. Han er leder forskningsgruppen HEMIX i Fagområde for allmenntmedisin og også forskningsleder for Bergen Addiction Research ved Avdeling for rusmedisin i Helse Bergen.

Formidlingsprisen fra Det medisinske fakultet ble tildelt på bakgrunn av formidling om kosthold, kronisk sykdom, leveutsikter og rusrelatert forskning. På samme grunnlag ble han tildelt *Meltzerprisen for fremragende forskningsformidling*, fra UiB.

Fadnes har de siste årene vært synlig i nasjonale og internasjonale media en rekke ganger. Listen er lang over store aviser og fjernsynskanaler der Fadnes har blitt intervjuet eller at forskningen hans har vært hovedoppslag. Eksempler er kanaler som CNN News, Le Monde og The Times, Bergens Tidende, Aftenposten og NRK. Han er medforfatter av boken "Plantebasert kosthold – fra liten til stor" som ble gitt ut i 2021, og har ellers skrevet en rekke kronikker og bokkapittel om migrasjonshelse, ernæring hos spedbarn, epidemiologi, samt kosthold og ruslidelser i allmenntpraksis. Fadnes er også medlem i Nasjonalt råd for ernæring.

Stipend frå AMFF

Allmenntmedisinsk forskningsfond (AMFF) har hatt tildelingsmøte for eittårige doktorgradsstipend med oppstart hausten 2023. Heile seks søkarar frå vårt miljø vart tildelt nytt eller framhald av stipend denne gongen:

Jørgen Breivold, allmenntlege i Bergen, om portvaktrollen.

Anneli Borge Hansen, allmenntlege i Bergen, om depresjonsbehandling.

Lars Aga Haugom, fastlege i Bjørnafjorden, om urinvegsinfeksjonar.

Kristian Myklevoll, fastlege i Stord, om vaktlegars handtering av raude responsar.

Sharline Riiser, fastlege i Sogndal, om depresjonsomsorg i allmenntpraksis.

Isabel Sebjørnsen, forsker ved Nasjonalt kompetansesenter for legevaktmedisin, om skrøpelighet hos akutt sjuke eldre.

Professoropprykk til Mette Tollånes

Vi gratulerer Mette Tollånes, førsteamanuensis i bistilling ved Fagområde for allmenntmedisin og overlege ved Noklus, som etter vurdering av vitskapleg og utdanningsfagleg kompetanse har fått opprykk til professor.

Ph.d.: Akuttmedisin utenfor sykehus

Dag Ståle Nystøyl disputerte 8. Mars 2023 for ph.d.-graden ved UiB med avhandlingen "Interactions between the Helicopter Emergency Medical Service (HEMS) and Primary Emergency Health Care in Norway". Pasienter som trenger luftambulans, men som ikke får det på grunn av hindringer i vær eller andre årsaker, i liten grad taper leveår. Ambulansepersonell og legevaktleger har en viktig rolle i de tilfellene der luftambulansen ikke er tilgjengelig. Avhandlingen viser også at det ikke ble flere oppdrag for luftambulansen når legevaktstrikten ble større.

Avhandlingen viser at det akuttmedisinske systemet utenfor sykehus i Norge er godt og fleksibelt. Bekymringen om at luftambulans brukes til oppdrag hvor legevaktlege er utilgjengelig, ble ikke bekreftet.

Dag Ståle Nystøyl (f. 1983) er utdannet lege ved UiB i 2010. Han er spesialist i allmenntmedisin og jobber som fastlege på Stord og som legevaktlege ved Sunnhordland interkommunale legevakt. Han har vært ansatt i Stiftelsen Norsk Luftambulans og tilknyttet Nasjonalt kompetansesenter for legevaktmedisin. Hovedveileder har vært professor Erik Zakariassen og medveileder har vært professor Steinar Hunskaar.